

Saksutgreiing

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Utval for areal og samferdsel	07.05.2025

Framlegg for Reguleringsplan for naust Sollia 121/3, Sakseid. Planid 202301

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til Reguleringsplan for naust Sollia gnr. 121, bnr 3 m.fl., Sakseid, Planid: 202301 vert i medhald av plan- og bygningslova § 5-2 og § 12-10 vedteke utlagt til høyring og offentleg ettersyn.

Samandrag av saka:

Planforslaget er laget av Planlegg Bømlo AS, og gjeld for Sollia. I planen regulerer ein 5 nye naust. 1 av desse er erstatning for eksisterande naust som er planlagt å rive. I tillegg til dette vil ein regulere inn eksisterande situasjon og einingar.

Kommunedirektøren tilrår at planforslaget detaljregulering for Sollia naustområde gnr./bnr. 121/3 mfl., Sakseid, Planid 202301 blir sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.

Bakgrunn for saka:

Utval for Areal og samferdsel handsama prinsippssøknad for å melde oppstart av Reguleringsplan for naust Sollia gnr./bnr. 121/3 m fl., Sakseid. Planid 202301 i møte 22.03.2023. Utvalet gjorde samrøysted slikt vedtak:

1. Detaljregulering for Sollia naustområde 121/3 mfl. Sakseid planid 202301 får melda oppstart av planarbeid i samsvar med plan. Og bygningslova § 12-8.
2. Det skal takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, jf. plan- og bygningslova § 1-8. Planleggjar må gjera ein kartlegging og vurdering av desse interessene. Strandsonevurderinga skal vidare vera grunnlag for bruk og vern av areal i området.

3. Det blir ikkje sett krav om konsekvensutgreiing av reguleringsplan.

Saksutgreiing:

Planforslaget

Forslag til reguleringsplan for Naust Sollia gnr. 121, bnr 2 m.fl., Sakseid, Planid 202301 vert motteken frå Planlegg Bømlo AS på vegne av Jarle Onarheim.

Planforslaget som skal behandlast består av

- Plankart i målestokk 1:1000. Siste revisjonsdato for plankartet er oppgitt i planomtalen.
- Reguleringsføresegner: Siste revisjonsdato er oppgitt i sjølve føresegnene.
- Planomtale: Siste revisjonsdato er oppgitt i planomtalen.




Figure 1: En planillustrasjon av Sollia

Formålet med reguleringa

Hovudføremålet med planen er å leggje til rette for bygging av inntil fem nye naust, der eitt skal erstatte eit eksisterande naust som er planlagt rive. Planområdet omfattar òg tilrettelegging for naudsynt trafikkareal, parkering, kai, flytebrygger og småbåtanlegg i sjø. I tillegg er det sett av areal til grøntområde, og eksisterande veg og bustad er inkludert i planområdet.

Heimelshavarar i området

Gardnr	Bruksnr	Eigar
Gnr. 121	Bnr. 12	Ruth Miriam Johannessen
Gnr. 121	Bnr. 19	Ruth Miriam Johannessen
Gnr. 121	Bnr. 3	Jarle Onarheim og Loraine Onarheim
Gnr. 121	Bnr. 16	Vestland Fylkeskommune
Gnr. 121	Bnr. 15	Lise Barane og Glenn Fredrick Lavender

Utbyggingsområdet omfattar gnr. 121 bnr 3 og 12.

Gjeldande planar

1. Kommuneplanen




Figure 2: Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel - viser aktuelt utbyggingsområde i midten

I gjeldande kommuneplan er området i hovudsak sett av til eksisterande naust, bustader og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Området omfattar og ein omsynssone (H530_8) for Ulvesøyane og Finnåsvika/Børøfjorden, som er definert som friluftsområde og statleg sikra friluftsområde.

2. Detaljreguleringsplan



Figure 3: Kartutsnitt av Sollia og tilgrensa vegplan Fv 541 Sakseid-Hestaneset, Planid 201406

Planområdet er i hovudsak uregulert, med unntak av fylkesvegen (PlanID 201406). I kommuneplanen er planområdet for Sollia avsett til naustområde. Planområdet grensar til reguleringsplan Fv 541 Sakseid-Hestaneset (PlanID 201406), vedteken 13.02.2017, som no er under utbygging i den nordlege delen av planområdet.

Innholdet i planen

Planområdet utgjør ca. 6,3 daa i storleik og omfattar heile eller delar av gnr. 121 bnr. 3 ,15, 19, 16 og 12. Plangrensa er sett i samråd med kommunen.



Figur 1 Oversynskart med planområdet markert med raud sirkel



Figur 2 Bilde frå Solli, eksisterande situasjon

1. Byggjeplanane

Storparten av planområdet er avsett til bustad- og naustføremål, med tilhøyrande vegareal og grøntområde. I tillegg vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkering, kai, flytebrygger og småbåtanlegg i sjø. Hovudføremålet med planen er likevel bygging av naust.

Bustad:

Innanfor området BF kan det først opp bustadhus, garasje og uthus. Dette beskriver eksisterande situasjon. Maksimal utnyttingsgrad er 50%, og maksimal mønehøgde er 10.5m.

Naust og småbåtanlegg:

Området er planlagt nytta til naust og kai. Kaiar kan oppførast i tre, naturstein eller betong. I tråd med kommuneplanen skal verken naust eller kai plasserast meir enn 3 meter ut frå kystkonturen.

Planforslaget omfattar totalt fem naustbygg, der eitt eksisterande naust er planlagt rive og bygd opp att på høgare kotehøgde.

Dei fire nye nausta skal oppførast i samsvar med reglane for område avsett til naustføremål i gjeldande kommuneplan for Bømlo kommune (revidert 18.03.2013).

Dette inneber at kvart bygg kan ha eit bruksareal (BRA) på inntil 40 m², ei maksimal mønehøgde på 5 meter målt frå ferdig golv, takvinkel mellom om lag 40–45°, og høve til våtrom på inntil 4 m². Ved å følgje dei same krava som kommuneplanen set, sikrar ein ei jamn og heilskapleg utforming som harmonerer med nyare naustbygg i området.

Området skal nyttast til fortøyning og/eller flytebrygge for småbåtar. Kai og kaifront i skillet mellom UNB og SMB kan lagast i tre, naturstein eller i betong med tanke på estetikk, spesielt med tanke på korleis det ser ut frå sjøsida. I tråd med kommuneplanen skal det ikkje byggjast naust eller kai lengre ut i sjø enn 3m frå kystkonturen.

2. Infrastruktur

Tilførselsvegen til planområdet er ein privat veg (PV1235) som kjem frå krysset ved Bømlavegen, FV451. Veggen er grusdekt og relativt smal, men har lite trafikk. Det er også tilrettelagt ein gangveg ned til nausta, samt ei parkeringsplass innanfor planområdet.

3. Grønstruktur

Det er lagt inn blågrønn struktur langs gangvegen ned til naustområdet for å ivareta naturområder i delar av planen. Dette området skal vere open for allmenta og kan ikkje bebyggast.

Innkomne merknadar til planoppstart

Melding om oppstart av planarbeid vart sendt ut den 05.05.2023, med frist for merknader den 09.08.2023. Varsel om oppstart av planarbeidet vart annonsert i Bømlo-nytt. Det kom i alt 6 merknader til varsel om oppstart, 6 merknader frå offentlege instansar. Desse er vedlagt saka. Forslagstillar sin samandrag av merknadene med kommentarar er som følgjer.

Avsendar, dato	Merknad	Kommentar
DSB Dato: 10.05.2023	Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) viser til plansaken som dere har sendt på høring. DSB har dessverre ikke kapasitet til å gå inn i alle mottatte plansaker og sender derfor automatisk ut dette generelle svaret på slike saker. Det er Statsforvalteren som skal følge opp at hensynet til samfunnssikkerhet er ivaretatt i plansaker. Statsforvalteren har også et ansvar for samordning av statlige innsigelser til kommunale planer. DSB har innsigelseskompetanse etter plan- og bygningsloven i plansaker som berører følgende områder: • Virksomheter som håndterer farlige stoffer herunder storulykkevirksomheter • Transport av farlig gods • Brannsikkerhet herunder tunneller og underjordiske anlegg • Tilfluktsrom (sivilforsvarsdistriktene)	Etter ei vurdering av DSB sin veileiar om samfunnssikkerhet i kommunal planlegging, ser planleggjar ikkje noko som ikkje allereie er dekket av annan sektormyndighet/offentleg organ – eller i planen direkte (springflo, vind osv).

	Siden Statsforvalteren har et overordnet ansvar for å følge opp samfunnssikkerhet i planer, vil også disse områdene kunne inngå som en del av Statsforvalterens oppfølging. DSB samarbeider med Statsforvalteren og vil gi faglig innspill til Statsforvalteren dersom det er nødvendig. Hvis det likevel er behov for direkte involvering av DSB i plansaken, bes det om at høringen sendes inn til DSB på nytt med tydelig angivelse av hvilket forhold det bes om DSBs uttalelse til. Dersom plansaken gjelder areal knyttet til etablert storulykkevirksomhet eller areal hvor det planlegges etablering av anlegg som sikkert eller muligens vil bli storulykkesanlegg, bes det også om at høringen sendes DSB på nytt. Det må fremgå av oversendelsen at saken gjelder plansak knyttet til anlegg omfattet av storulykeforskriften.	
Museum Vest Dato: 23.05.2023	Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Sollia i Bømlo kommune som kan bli direkte råka av det omsøkte tiltaket. Me har heller ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid. Museet har derfor ingen merknader til det planlagde arealinngrepet. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom	Merknaden vert teken til vitande. Dette vert teke med i føresegnene.

	kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.	
Statsforvaltaren i Vestland Dato: 12.07.2023	Innleiingsvis finn Statsforvaltaren det uheldig at ikkje heile arealet sett av til naust i kommuneplanen vert regulert samstundes når det først vert starta eit detaljreguleringsplanarbeid her. Då kunne ein fått kartlagd og vurdert heile strandlina innanfor arealet sett av til naustføremål, og planlagt for bygging der ein ikkje kjem i konflikt med viktige strandsoneinteresser. Når ein berre regulerer ein bit av området, vert det vanskelegare å vurdere heilskapen. planretningslinjer og regionale planar skal alltid leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl.) § 6-2 andre ledd og § 8-2. I dette planarbeidet vil statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø (2021) vere særleg relevant, saman med regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger. Statlege planretningslinjer og regionale planar skal alltid leggjast til grunn ved planlegging etter planog bygningslova (pbl.) § 6-2 andre ledd og § 8-2. I dette planarbeidet vil statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø (2021) vere særleg relevant, saman med regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger.	Omfang vart diskutert i oppstartsmøtet mellom kommune, forslagsstillar og planleggjar. Konklusjonen er det Bømlo kommune som drar, og planen er utforma i tråd med dette. Reguleringsplanen er tufta på gjeldande kommunal arealplan, med referanse/omsyn til Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Hardanger samt statlege planretningslinjer.

	Strandsona er eit område av nasjonal og regional verdi, og plan- og bygningslova § 1-8 slår fast at det i 100 metersbeltet langs sjø skal takast eit særskilt omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser. Verdier for naturmangfald, kulturmiljø, friluftsliv og landskap skal så langt mogleg takast omsyn til, og ny utbygging bør ikkje plasserast på ein slik måte at slike verdier vært vesentleg forringa. Planområdet ligg i nærleiken til Kuleseidkanalen som svært viktig friluftslivsområde. Konsekvensar for friluftslivet, under dette oppleving av landskapet, må vurderast grundig i planarbeidet. Planområdet ligg også innanfor omsynssone for verneverdige sjøbruksmiljø, H570_21, og vi ventar at planarbeidet tek naudsynte omsyn til desse verdiane. Vi viser til dei statlege planretningslinene for strandsona, og særleg pkt. 6.1 der det vert lagt vekt på mellom anna ivaretaking av kulturmiljø, og at det bygde miljø skal tilpassast omgjevnadene – og ikkje omvendt. Utfylling i sjø og sprenging av terreng bør såleis unngåast. I pkt. 6.2 i retningslinene leggjast det vekt på å oppretthalde og forbetre moglegheita for å ferdast og opphalde seg langs sjøen for ålmenta. Vi ventar at planarbeidet kartlegg strandsoneverdiane og tek naudsynte omsyn som går fram av statlege planretningsliner og den regionale kystsoneplanen.	Det er gjennom planlegginga utført ein funksjonell strandsonekartlegging for å ha eit betre beslutningsgrunnlag. Kartlegginga ligg ved planframlegget. Vidare er lokalisering i forhold til friluftsliv / Kulleseidkanalen omtalt spesielt. Dette gjeld òg omsynssone for verneverdige sjøbruksmiljø. Innan planområdet er det i dag 1 naust, men det er totalt 4 naust i nærleiken. Av desse er det næraste naustet under rehabilitering, 1 er i ferd med å falle ned, og det siste har god 17 standard. Slik planleggjar ser det, er det særst lite som indikerer eit verneverdig sjøbruksmiljø ut over det faktum at det er eit sjøbruks/naust-miljø i området. Bildet under viser dagens situasjon. Nye tiltak skal tilpassast terreng, og det vil medføra minimalt med sprengning. Strandsoneverdiane vert kartlagde, og det vert planlagt ny gangveg, offentleg tilgjengeleg – fram til naustområdet. Dette er ein styrking av dagens situasjon. Dette er vurdert i planarbeidet, og er omtalt i planomtalen.
--	--	--

	Konsekvensane for naturmangfald som følgje av arealdisponeringa skal vurderast etter naturmangfaldlova. Kjent kunnskap om eventuelle viktige førekomstar av naturmangfald må leggjast til grunn for det vidare arbeidet, og må kome tydeleg fram i planen, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12. Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl. § 3-1 bokstav f, g og h. Pbl. § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. For andre tema må kommunen sjølv ta stilling til kva som er akseptabel risiko og både gjere greie for og grunngje dette valet. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast på plankartet med omsynssone, og krav til risiko-reduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene. Vi viser m.a. til KMD sitt rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaks-behandling» og DSBs rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» (jan. 2018).	Dette vart omtalt i oppstartsmøtet, og ROS-analyse ligg ved planframlegget.
Fiskeridirektoratet Dato: 13.07.2023	Fiskeridirektoratet har per i dag ikkje innspel til varsel om oppstart utover dei som følgjer av den generelle rettleiinga på nettsidene våre.	Merknaden vert teken til vitande, og planframlegget vert sendt på høyring til merknadshavar når det ligg klart.

Karmsund Hamn Dato: 07.08.2023	Ved planlegging i sjø må ta det tas hensyn til sjøvertsferdsel, og det er derfor viktig at det ikke planlegges tiltak/aktiviteter som kan komme i konflikt med sikkerheten og framkommeligheten i farleden. De tiltak som planlegges etablert må prosjekteres og dimensjoneres slik at de tåler den belastningen de kan bli påført i farvannet, men ut over dette har ikke Karmsund Havn IKS ytterligere merknader til utnyttelsen av planområdet. Karmsund Havn IKS vil minne om at alle tiltak som kan påvirke sikkerheten eller framkommeligheten i farvannet krever tillatelse etter lov om havner og farvann av 21.juni 2019. Det må tas med i planbestemmelsene at tiltak som faller inn under	: Planlagde tiltak ligg i betryggande avstand frå farlei, Kulleseidkanalen. Eventuelle flytebrygger vert dimesjonert og fortøydd med omsyn til øvrig trafikk.
Bømlo kommune Dato: 08.08.2023	Med si fiskerihistorie og betydning for utviklinga av Bømlo heilt frå 1854 (56) og fram til i dag har Kulleseidkanalen hatt ein stor plass i utviklinga av kommunen. Område rundt og langs Kulleseidkanalen har stor lokal, men og regional og nasjonal verdi. Kanalen står fram som eit minne over moderniseringsprosessen som gjekk føre seg på 1800- talet og vitnar om kor viktige sjøvegane var for samferdsle og næring. I kommunedelplan for kulturminne ligg Kulleseidkanalen inne med omsynssone H570_21 i verneklasse A. Omsynssona representerer eit utval av dei mest verdifulle og representative kulturminna i kommunen. Samanheng, heilskap og miljø er samlande kriteria i vurderinga av område i kommunedelplan for kulturminne. I retningslinjene	Planleggjar er godt kjent med den historiske betydninga av Kulleseidkanalen som ei ferdselsåre for sjøvegs farande, først i hovudsak fiskeria – i den seinare tid fritidsbåttrafikk. Her vil ein tilføra at avstanden til eventuelle nye naust – over 200m frå «hovedvegen» bør vera tilstrekkeleg til å gje låg påverknad av opplevinga for dei sjøreisande.

	for klasse A, omsynssone H570 c (pbl. 11-8 c) står det i fjerde og sjette kulepunkt: «Byggverk, landskap og kulturmiljø skal sjåast i samanheng med sin historiske kontekst, utviklingstrekk og sine omgjevnader. Eventuelle nye bygningar skal underordnast og tilpassast det eksisterande kulturmiljøet. Eksisterande bygningar og byggverk vert normalt ikkje tillate rive». «Graving, fylling eller planering som øydelegg steingardar, rydningsrøyser, bakkemurar, vegfar, steinsette bekkefar og liknande landskapselement er ikkje tillate». I brevet frå Planlegg Bømlo står det i punkt 4: «Føremålet med detaljreguleringsplanen er å planleggja for bygging av inntil 5 nye naust. 1 av desse er erstatning for eksisterande naust som er planlagt rive. Innanfor planområdet vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkering, kai, flytebrygger og småbåtanlegg i sjø og grøntområde». Planlagt utbygging vil vera ei inngripen i den originale utsjånaden og såleis vera ei fasadeendring i uttrykket. Ein legg til grunn at fasadeendringa ikkje vil vera reversibel og dermed endrar fasaden og den autentiske utsjånaden permanent. Ein rår difor frå at eksisterande naust blir rive, og at det blir tilrettelagt for kai og småbåtanlegg som endrar fasaden og den autentiske utsjånaden.	 Som vist til i merknad ovanfor, er det i praksis lite verneverdig sjøbruksmiljø som kjem til uttrykk. I tillegg er eldre tids naust for låge i forhold til seinare tids springflo, og det bør gjerast utbetrande tiltak og heving av naustbygga.
--	--	---



Figure 6: Dronebilde over planområdet

Vurderingar:

Byggingeplanane

Området vil verta meir brukt av fleire. Utbyggingsperioden vil vera positiv for sysselsetting og verdiskaping lokalt. Ei vidare utbygging av dagens eksisterande naustområde vil auka bruken av området og dermed også auka attraktiviteten for lokal busetnad.

Strandsona utgjer ein viktig verdi både for lokalbefolkninga og tilreisande. Bruken og vernet av strandsona kan vere motstridande interesser, og det er avgjerande å sikre tilgang til sjøen for allmenta. Utbygging vil medføre inngrep i strandsona, men det skjer innanfor dei rammene som er fastsett i kommuneplanen. Som ein del av planen vert det opna for betre tilkomst til sjøen, gjennom ein gangveg som gir tilgjenge til dei nye nausta.

Bygging av naust vil påverke både landskapets utseende og korleis det vert opplevd. All utbygging medfører inngrep i naturen, noko som kan ha negative konsekvensar. Samstundes er målet at utbygginga skal gjennomførast på ein estetisk tiltalende måte, som kan føre til at området framstår som meir tiltalende enn tidlegare.

Sidan området ikkje er synleg frå fylkesvegen, vil det meste av området bli sett og opplevd frå sjøen (Kulleseidkanalen) og frå eksisterande tilførselsveg, enten frå bil eller til fots. Difor er det viktig at utbygginga skjer på ein estetisk god måte. Etter at utbygginga er ferdig, vil området få ein meir heilskapleg utforming og vere tilgjengeleg for allmennheten med ein opna strandsone.

Gjeldande kommuneplan for Bømlo fastset at nye tiltak ikkje skal oppta meir av strandlinja enn nødvendig for å gjennomføre tiltaket. Dette prinsippet ligg også til grunn for denne detaljreguleringsplanen.

Kulturlandskap og kulturminne

Planen kjem ikkje i direkte konflikt med automatisk freda kulturlandskap eller kjente kulturminner. Planområdet ligg nært Kulleseidkanalen (ID178269), eit teknisk/industrielt kulturminne frå nyare tid. Kanalen vart bygd for å forenkle sjøvegen mellom aust- og vestsida av Bømlo og er tett knytt til det omfattande sildefiskeriet på midten av 1800-talet. Utbygginga av kanalen vart finansiert av staten og gjennomført på 1850-talet, medan den vart utvida til dagens breidd og djupne i perioden 1927-1932.

I dag er Kulleseidkanalen mest nytta av fritidsbåttrafikk, særleg om sommaren, og det ligg også ei gjestehamn på motsett side av kanalen. Etter planen vil utbygginga av fire nye naust ikkje påverke allmennhetens oppleving av kanalen som ein attraksjon og eit opplevingsområde.

Innkomne merknader

Kommunedirektøren viser til kommentarane frå forslagsstillar.

Konsekvensutgreiing

Planforslaget er vurdert i samsvar med plan- og bygningslova kapittel VII «Konsekvensutredninger», med tilhøyrande forskrift. Planen utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing etter forskrift om konsekvensutgreiing §6 eller §8, §10, første ledd bokstav a-d og §10, andre ledd bokstav a-h. Det er ikkje verdifulle naturtypar, registrerte kulturminne eller andre registrerte miljøverdiar i området som kan bli vesentleg råka av reguleringa. Tiltaket medfører ikkje vesentleg forureining eller risiko for alvorlege ulukker.

FN sine berekraftsmål:



3 God helse og livskvalitet Gangveg til sjøen, er positivt for folkehelsa. Etablering av fleire naust i nærleiken av sjø, er med å skapa meir god helse og livskvalitet for nausteigare og lokale, nærleiken til grønt område er og gjeldande for god helse og livskvalitet.

14 Livet i havet Utbygging av område til sjø kan påverka livet i havet. Det er derfor viktig å taka omsyn til livet som finst i vatnet og på havbunnen.

15 Livet på land Utbygging påverker livet på land. Det er derfor viktig at utbygginga viser omsyn til naturmiljøet for å bøta på negative effekter i størst mogleg grad.

Økonomiske konsekvensar:

Planen gjeld utbygging av fritidsbustadar. Alle utbyggingskostnadar vert dekkja av utbyggjar, og realisering av planen vil ikkje ha direkte økonomisk konsekvens for Bømlo kommune utover framtidige inntekter frå eventuell eigedomsskatt.

Miljømessige konsekvensar:

Planen vil sannsynlegvis medføre terrenginngrep i strandsona. Når det gjeld biologisk mangfald, er det ikkje gjort registreringar av sårbare, trua eller rød- og svartlista artar i utbyggingsområdet, og utbygginga vil derfor ikkje utgjere ei trussel mot det biologiske mangfaldet. Geologiske forhold er tilfredsstillande for utbygging, og det er ikkje registrert bergartar av spesiell interesse eller som krev vern i området.

Beredskap og samfunnstryggleik:

Som ein del av arbeidet med detaljreguleringsplanen skal det gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse som del av eller vedlegg til planomtalen. Den må vera i samsvar med Bømlo kommune sine gjeldande akseptkriterium.

Eventuelle tiltak og avbøtande tiltak skal innpassast i føresegnene til detaljreguleringsplanen og takast omsyn til ved utbygging.

Folkehelse:

Bømlo sine folkehelseutfordringar er knytt til overvekt, manglande fysisk aktivitet, trivsel og meistring. Det blir ikkje planlagt for bygningar for opphald. Folkehelseaspektet rører derfor først og fremst ved planen der det gjeld rekreasjon, altså trivsel og meistring. Bruk av sjø, båt og bryggje er helsefremjande for dei som har tilgjenge, sidan det er ein fysisk utandørs aktivitet både å nytta og halda ved like. Det fremjar trivsel for brukarane som får eit breiare rekreasjonstilbod sitt nærområde. Ulempa er å byggja ned og privatisera området sånn at det verkar mindre tilgjengeleg for dei som ikkje er brukarar av anlegga.

Utbygging av eit naustområde gjev altså vinst for ein mindre gruppe brukarar som får naust med tilhøyrande infrastruktur, på kostnad av ulempe for ein større gruppe som får redusert urørte naturområde til sjø som opplevast som felles. Det er ingen indikasjonar på at området er eit særleg viktig rekreasjonsområde. Det må likevel takast vare på strandsoneverdiane, og moglegheit for fri ferdsle og allmenn opphald i planarbeidet

Vedlegg til saka:

Plankart

Føresegner

Planomtale

ROS-analyse

Funksjonell stransonekartlegging

VA-plan

Planillustrasjon